

VEDTEKTER
FOR
BARNEHAGEN
I
SANDØY KOMMUNE



VEDTEKTER FOR BARNEHAGANE I SANDØY

Vedtektene er utarbeidd i samsvar med Lov om barnehagar av 17. juni 2005.

§ 1 EIGARTILHØVE.

Sandøy kommune eig og driv barnehagen i Sandøy kommune. Kommunen godkjenner og fører tilsyn med at barnehagen vert drive etter gjeldande lover, forskrifter, vedtekter og kommunale vedtak.

§ 2 FØREMÅL.

Barnehagen i Sandøy kommune skal drivast i samsvar med Lov om barnehagar med forskrifter, Rammeplan for barnehagen og Årsplan for kvar barnehage.

§ 3 SAMARBEID MED HEIMEN.

Foreldreråd.

Barnehagen skal ha eit foreldreråd i samsvar med § 4 i Barnehagelova med forskrifter.

Samarbeidsutval.

Barnehage skal ha eit samarbeidsutval (SU) i samsvar med § 4 i barnehagelova med forskrifter.

SU skal ha slik samansetting:

- 2 representantar, valt av kommunestyret for kvar valperiode på 4 år.
- 2 representantar, valt av foreldra, valt for eit driftsår om gongen.
- 2 representantar, valt frå dei tilsette, valt for eit driftsår om gongen.

Det skal veljast personlege vararepresentantar.

SU konstituerer seg sjølv med leiar.

Einingsleiar er sekretær for SU og har møte-, tale- forslagsrett.

Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ mellom heimane og barnehagen.

SU sine oppgåver er m.a.

- Sikre foreldra sin rett til medverknad.
- Godkjenne årsplan for barnehagen.
- Uttale seg om budsjettframlegg – m.a. satsar for foreldrebetaling.
- Uttale seg om driftsendringar.

§ 4 OPPTAK AV BARN

Overordna reglar for opptak er gitt i Forskrift om saksbehandlingsreglar ved opptak i barnehage.

A PROSEDYRE

- 1 Ein søker om barnehageplass berre ved 1. gongs opptak. Seinare søker ein om endringar i opphaldstida.
- 2 Søknad om opptak og endring i opphaldstid skal først på fastlagd skjema og sendast til Sandøy kommune. Frist for søknad til hovudopptak er 15. mars.
- 3 Søknader som kjem inn etter søknadsfristen 15. mars blir ikkje vurdert før hovudopptaket er gjort.
- 4 Hovudopptak av barn vert gjort ein gong i året og supplerande opptak elles når det er ledig kapasitet . Det same gjeld for endringar i opphaldstid.
- 5 Hovudopptaket vert gjort av opptaksnemnda som har slik samansetjing:
Ein politisk valt representant.
Ein representant valt frå Samarbeidsutvalet ved Harøy barnehage.
Ein representant valt frå pedagogiske leiarar ved Harøy barnehage.

For representantane skal det veljast varamedlem som kan gå inn i nemnda, dersom fast representant er ugild.
- 6 Einingsleiar for barnehagetenester gjer innstilling om opptak og legg denne fram for opptaksnemnda til avgjerd.
- 7 Barn som ved ordinær søknadsfrist ikkje får plass, skal etter handsaming av eventuelle klager først på prioritert liste og har rett til plass i samsvar med prioritet.
- 8 Einingsleiar skal sjå til at ledig kapasitet ikkje vedvarer og gjennomføre supplerande opptak administrativt. Prioritert venteliste og dei fastsette opptakskriteria er retnings- gjevande for slike opptak.
- 9 Det er ikkje klagerett på supplerande opptak med mindre ein ventar på plass etter § 13 i barnehagelova.

B OPPTAKSKRETS OG KRITERIA FOR OPPTAK AV BARN I BARNEHAGEN

Alle førskulebarn i Sandøy kommune kan søkje om plass i barnehagen.

Personar som kan dokumentere tilflytting til kommunen, har høve til å søkje om plass.

Dersom barnehagen har ledig kapasitet, kan ein ta inn barn frå andre kommunar.

Tildeling av plass skjer etter fylgjande prioriterte kriterier:

- 1 Barn som kjem inn under Barnehagelovens § 13, første og andre ledd, skal ha prioritet ved opptak. Sakkyndig vurdering skal ligge til grunn.
- 2 Barn som etter Opplæringslova har rett til spesialpedagogisk tilbod i barnehage, har rett til opptak dersom det er tilrådd av sakkunnig instans.
- 3 Barn/familiar med særskilte behov der barnehageplass er tilrådd av fagleg instans som PPT, lege, helsesøster, barnevern. Dokumentasjon skal følgje med søknaden og bli vurdert under opptaket.
- 4 Barn som kjem frå minoritetsspråklege eller fleirspråklege heimar.
- 5 Einslege forsørgjarar i arbeid/utdanning.
- 6 Fødselsdato – prioritering etter alder på barnet – eldste først.
- 7 Moment i barnehagen – slik som alders- og gruppesamansetting og utnytting av plassane.

§ 5 FORELDREBETALING

I samband med budsjettbehandling kvart år vedtek kommunestyret satsar for foreldrebetaling med bakgrunn i Stortinget si fastsetting av maksimalpris for opphald i barnehage.

Søskenmoderasjon er fastsett etter gjeldande forskrift om foreldrebetaling i barnehagar.

Foreldrebetalinga vert kravd inn månadleg og ein betaler for 11 månader i året.

Foreldrebetalinga tek til frå den datoen barnet får plass.

I tillegg til opphaldsbetalinga vert det kravd betaling for måltid o.l. som vert servert i barnehagen etter satsar fastsett av kommunestyret

Det vert ikkje gjeve fråtrekk for tilfeldig fråvær, heller ikkje for fridagar barnehagen er stengd.

Ved lengre fråvær grunna alvorleg sjukdom, kan det søkjast om fritak for foreldrebetaling. Søknaden om fritak for foreldrebetaling vert behandla administrativt.

Ved misleghald av foreldrebetalinga sender Økonomikontoret ut 2 påminningskrav. 14 dagar etter 2. gongs påminning vert saka sendt til rettsleg inkasso.

Dersom kjøparar av barnehagetenesta ikkje er villig til å gjere opp for seg, kan ein bli nekta vidare plass i barnehagen.

§ 6 OPPSEIING AV BARNEHAGEPLOSS/REDUKSJON AV OPPHALDSTID I LØPET AV BARNEHAGEÅRET

Det skal gjevast skriftleg melding om permanent oppseiing av ein barnehageplass eller endring av opphaldstid til Sandøy kommune.

Oppseiingstida er minimum ein - 1 - månad

Foreldrebetalinga gjeld i oppseiingstida.

§ 7 OPNINGS- OG OPPHALDSTID

Barnehagen si opningstid er frå kl. **7.15 – 16.15**.

Ved behov og etter avtale vil ei av avdelingane opne kl 7.00 og stenge kl.16.30, uavhengig av talet på born som har behov for slik opphaldstid. Det kan vere ulike avdelingar som har ope tidleg og stenger seint.

Barna si opphaldstid skal ikkje vere over 8,5 timar pr dag.

For barn som har korttids plass er opphaldstida 6 timar, inkludert bringing og henting.

Barnehagen er open måndag – fredag heile året, med unntak av fem planleggingsdagar pr år, jule- og nyttårsaftan og i romjula.

§ 8 FERIE

Barna skal ha fire veker ferie i løpet av eit barnehageår.

Sommarferie

Barnehagebarna skal ha tre veker samanhengande ferie i perioden frå 1. juni til 1. september. Frist for melding om ferie: 1. mai.

Juleferie:

Barnehagen har stengt i romjula, jule og nyttårsaftan. Ein reknar dette som 4. ferieveka til barna.

Påskeferie:

Barnehagen har vanleg opningstid måndag, tysdag og onsdag i påskeveka. Foreldre må melde frå om barnet kjem i barnehagen desse dagane.

§ 9 OPPHALDSAREAL

Opphaldsarealet i barnehagane skal ikkje vere mindre enn nasjonal standard, dvs 4 m² pr barn over 3 år og 5,3 m² pr barn under 3 år.

Opphaldsareal pr barn i barnehagen for Sandøy kommune er sett til: 5 m² pr barn.

Uteområdet skal vere seks gonger leikearealet inne.

§ 10 INTERNKONTROLL

Barnehagen skal ha eit internkontrollsystem. Einingsleiar har ansvaret for oppdatering, at kontrollrutinane vert følgde, og at personalet vert kjent med kontrollsystemet og sine ansvarsområde.

§ 11 HELSE

Før eit barn begynner i barnehagen, skal det leggjast fram erklæring om barnets helse. Dersom barnet har møtt til ordinære undersøkingar på helsestasjonen, kan slik erklæring bli gitt av barnets foreldre, jmf barnehagelova § 23.

Sjuke barn må ikkje møte i barnehagen.

Med sjuke barn meiner ein: barn med smittsame sjukdomar, barn med feber, omgangssjuka, utslett eller andre sjukdomar som gjer at barnet ikkje kan vere ute eller må ha ro.

Ålmenntilstanden til barnet må vere så god at det kan fylgje vanlege aktivitetar inne og ute.

Vert eit barn borte frå barnehagen på grunn av sjukdom eller andre årsaker, må det meldast frå til barnehagen første fråværsdag.

Medisinering av barn i barnehagen må avtalast med barnehagen.

§12 MAT OG MÅLTIDER

Barna tek med seg nistepakke til frukost.

Barnehagen sørgjer elles for variert og sunt kosthald med to måltid utanom frukost i tråd med retningsliner for mat og måltid i barnehage utgitt Sosial og helsedirektoratet august 2007.

Ved fødselsdagsfeiring får barna ekstra merksemd med fødselsdagskrone, vere med å velje aktivitetar og velje frå eigen meny, mat til måltidet.

§ 13 KLEDE/UTSTYR

Barna må ha klede, sko/ støvlar som er tilpassa ver og årstid. Barna må også ha med ekstra skift og dei minste har med bleier.

Barnehagen held leiker og anna utstyr. Dersom barna har med leiker er det på eige ansvar.

§ 14 PROSEDYRE VED ENDRING AV VEDTEKTER

- 1 Framlegg til endringar i vedtektene må leggjast fram for samarbeidsutvalet til uttale før dei går til politisk behandling.
- 2 Desse vedtektene er godkjende av Sandøy kommunestyre sak 08/12 i møte den **23.04.2008** og vert sett i verk frå 15.08.08.



MELLOM ANNA SLIK ØNSKJER POLITISK FOLKEVALDE AT BARNEHAGETILBODET SKAL FUNGERE



Ved sida av dei overordna målsetjingane som er nedfelt i Lov om Barnehagar og barnehagen sine handlingsplanar, er følgjande arbeidsmål stadig aktuelt:

Å prioritere og til ei kvar tid sikre full barnehagedekking slik at unge familiar ikkje flyttar ut av kommunen grunna manglande tilbod.

Barnehagane sin kvalitet og opptakskapasitet skal vere eit attraktivt tilbod som er med på å skape stabilitet, rekruttering og tilflytting.